# Haustemelding veke 41,

# 5.-11.oktober, 2026

ANDA ANDELSGARD

NB. Om du har tid og lyst, må du gjerne også spa opp poteter som ligg igjen ute i potetåkeren og ta dei med deg i tillegg til potetene som du får ta i kassen inne. Om det er andre grønnsaker som vi er ferdige å hauste, men som det er litt igjen av, må du berre ta av dei også.

Merk at både poteter og hokkaidogresskar, skal du ta med deg frå kassar inne i lagerbygget. Det same gjeld det som er igjen av rødkål og løk.

| Kva? | Kor? | Kor mykje? | Korleis? | Andre kommentarer |
|---|---|---|---|---|
| Poteter – Nansen | I ein kasse inne i lagerbygningen. | 40 småpoteter (ta av dei minste) og 20 litt større | Plukk poteter frå kasse inne i lagerbygningen | |
| Hokkaidogresskar | I små plastkassar i lagerbygningen | 1 gresskar (anten rød eller grøn hokkaido) | Vi har hausta hokkaidogresskara for dykk, så de skal ikkje hauste dei ute i åkeren. | |
| Rødkål | I ein plastkasse i lagerbygningen | 1 rødkål om det er nokon igjen (det er berre nokre få veldig små igjen) | Plukk frå kassen inne i lagerbygningen | |
| Alle urter | I pallekarmane | Ta det du vil ha. | Klipp av, ikkje riv opp rota. | |
| Grønnkål alle sortar, både røde og grøne | Eit stykke oppe i kålfeltet. | 5-6 blad, ta litt forskjellige sortar | Brekk av dei nederste blada av planten og la resten av planten stå igjen. **NB. Ikkje ta toppen av planten** | |
| Pastinakk | Øverst i skjermplantefeltet | 1 pastinakk | Riv opp rota, knekk av lauvet og kast det på bakken mellom rekkene eller gje det til geitene. | |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| Persillerot | Mellom pastinakk og gulrot | 3 persillerot (ta av dei største) | Riv opp rota, knekk av lauvet og kast det på bakken mellom rekkene eller gje det til geitene. | |
| Gulrot (NB. Hausting for lagring) | Midt i skjermplantefeltet | 50 gulrot | | |
| Sellerirot | I skjermplante-feltet, mellom gulrøtene og stangsellerien. | 3 sellerirot | Riv opp med rota. Skjer av røtene og lauvet. La lauvet liggja igjen på bakken, mellom sengene eller gje det til geitene. | |
| Stangselleri og fennikel | Ved sida av rabarbraen | Ta det du vil ha om det er noko igjen | Skjer av ved rota og la resten av planten stå igjen. | Desse er eigentleg hausta, men nokon har spirt opp igjen. |
| Mais – **NB begge sortane denne veka** | Ved sida av squashen | 3 maiskolber | Brekk av maiskolben og la resten av planten stå igjen. Maiskolben er moden når «håra» som stikk ut er brune og maikoblen er butt, ikkje spiss når du kjenner på han under skalet. | |
| **Gresskar – Jack o lantern og flaskegresskar (nytt denne veka)** | Ovanfor squashen | 1 gresskar (anten flaske- (langt grønt) eller Jack o Lantern (stort oransje) | Brekk av gresskaret. Pass på å få med stelken om du skal lagre det. | |
| Solsikker | Ved sida av geitegarden | 1 solsikkeblom | Klipp av stelken og la resten av planten stå igjen, så kjem det fleire blomar. | |
| Ringblomst, kornblomst, apotekerkattost ringkrage og kronkrage. | Rett ovanfor huset til Randi si mor. | Plukk deg ein fin bukett. | Klipp av blomsterstelken og la resten av planten stå igjen. Klipp gjerne eit stykke nede på stelken. Det er heilt i orden at det følgjer med nokre knoppar lenger nede på stelken. | |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| Mangold/bladbete/polkabete, gulbete og runde rødbetar (Geshe) (siste veka) | Ved sida av senga med blomar | Ta det du vil ha om det er noko igjen. | Riv opp beten med lauvet på, knekk av lauvet og legg det på bakken mellom sengene. NB. Ikkje legg det på grasgangen. | |
| **Rødbete – Forona (lange) (Nytt denne veka)** | Dei to øverste sengene i rødbetfeltet | 6 rødbetar | | |
| Basilikum | I den store veksttunnellen, under tomatane | Plukk litt forsiktig det du vil ha om du finn noko | Klipp av stelken og la resten av planten stå igjen. Det må vere litt blad igjen på planten. | |
| Tagetes | | | | |
| Plukksalat | I pallekarmane utanfor den store veksttunnellen | 5-6 salatbald | Riv/klipp av salatblada og la resten av planten stå igjen. | |
| Rukkola | | Ta det du vil ha om du finn noko som er brukande | | |
| Spinat | | 5-6 spinatblad (ta av dei største og ytterste blada) | Riv/klipp av spinatblada og la resten av planten stå igjen. | |
| Purreløk (Kulaurus eller blaugruner dersom det er tomt for kulaurus) | Øverst i løkfeltet, i senga nærast artiskjokken | 1 purre (om det er fleire igjen) | Riv opp heile løken. Rist av molda og skjer evt. av røtene. | |
| **Jordskokk (nytt denne veka)** | Ved sida av ertene | 2 planter med jordskokk | Spa opp planten med greip. Plukk opp jordkokken og lag lauvet liggja igjen på bakken. | |

## Veksthusandel

| Kva? | Kor? | Kor mykje? | Korleis? | Andre kommentarer |
|---|---|---|---|---|
| Tomatar | I den store veksttunnellen | 15 tomater (ta litt små og litt store) NB. Goldiana tomatar er modne når dei er oransje. Dei blir ikkje røde. | Riv forsiktig av tomaten slik at resten av klasen ikkje blir øydelagd. Ta gjerne dei som er sprukne også før dei rotnar. Om dei ikkje kan brukast på skiva eller i salaten, så er dei fine å ha i tomatsaus og gryterettar. | |
| Agurk (aller siste veka) | I veksttunnell 2 (den vesle) | 1 agurk om du finn ein som er brukande og ikkje fekk sist veke. Det er berre nokre ganske få små igjen. | Riv forsiktig av agurken. NB. Mange agurkar er langt nede på planten, nesten på bakken. | |
| Paprika Sweet dream og chili de cayenne | I veksttunnell 2 (den vesle) | 1 paprika eller 1 chili om du finn ein som er moden og ikkje hausta sist veke | Riv forsiktig av paprikaen/chilien og la resten av planten stå igjen. | |